

Fylkesordfører gir slikt svar:

I svaret på interpellasjonen frå Berthelsen i desember 2019, er det rett at eg opplyste om at administrasjonen kunne fremje ei sak i løpet av første halvår 2020, om korleis fylkeskommunen kan arbeide med mineralressursar og mineralnæring som saksfelt. Svaret mitt der må sjåast på bakgrunn av framlegget til vedtak i interpellasjonen, der det står: «Vestland fylkeskommune ber om å få ei sak om mineralutvinning i Vestland, om å opprette mineralråd, og særleg om dei konkrete planane for mineralutvinning i Engebøfjellet i Vevring i Sunnfjord kommune.» Framlegget vart ikkje realitetsbehandla. Det vart altså ikkje bedt om ei slik sak i første halvår.

I interpellasjonen er det også vist til svaret frå fylkesordføraren på interpellasjonen frå Berthelsen på fylkestinget i mars 2020 - om opprettinga av mineralråd er i strid med kommunelova. Det er rett at fylkesordføraren der svarte at det var til utarbeiding ei sak i løpet av 2020, som mellom anna vil vurdere mineralrådet sin funksjon og organisering. Fylkesordføraren får opplyst frå administrasjonen at det framleis er tenkt utarbeiding av saka i løpet av året.

Når det gjeld korleis fylkeskommunen kan arbeide med mineralressursar og mineralnæring som saksfelt framover, så ser fylkesordføraren at Mineralrådet Vestland har kome med høyringsuttale til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Regional planstrategi, (som skal vedtakast seinare på dette møtet). Der foreslår rådet å utarbeide ein eigen Regional plan for mineral og massehandtering. Fylkesordføraren har elles fått opplyst at Mineralrådet ønskjer å presentere seg for fylkespolitisk utval no i haust.